


Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Hundvin 24.06.2021

### Søknad om deling av driftseining, Konglevoll/Hetlehovde

Underteiknande gardbrukar og eigar av gbnr 54/1 på Konglevoll og 93/1 på Hetlehovde, driver i dag de to bruk som en driftseining, men søker med dette om å dele opp drifta, så min son Jarle Konglevoll kan overta drifta av gbnr 93/1 på Hetlehovde.


Det er ikkje våningshus på bruket på Hetlehovde i dag, det ble utskilt av tidlegare eigar i 1997. For at få våningshus på gbnr 93/1 har Alver kommune i utval for areal, plan og miljø vedtak i sak nr. 071/21 (sjå vedlegg), pålagt oss å samanføye gbnr 93/1 og 93/10, for så å bygge våningshus innanfor det område som i dag er gbnr 93/10.



Egedomen er utlagt til LNF område i Kommuneplan for Lindås 2019-2031 (nå kommunedelplan i Alver kommune)

Areal av gbnr 93/1 Hetlehovde er 285 179 m<sup>2</sup>. Bruket består av 1 teig.

I følgje gårdskart frå NIBIO er 17 900 m<sup>2</sup> fulldyrka jord / 20 100 m<sup>2</sup> overflatedyrka jord / 38 000 m<sup>2</sup> gjødsla beite / 109 700m<sup>2</sup> skog / 99 479m<sup>2</sup> annet areal.



Det er i dag et sauefjøs og 3 torvhus på eigedomen. Det er planen å bygge nytt våningshus på gbnr 93/10 etter samanslåing med gbnr 93/1. Våningshuset vil bli plassert på «anna areal». Se vedlegg.

Som økonomien og utviklinga er i landbruket i dag, er det så godt som uråd og leva med sauedrift i Nordhordland som einaste inntektskjelde. Det er difor nødvendig å ha jobb i tillegg til gardsdrifta. Slik drifta på 54/1 er i dag, er arbeidsmengda i overkant av det ein kan klara og halda ut med i lengda i tillegg til anna arbeid. Det fell seg difor svært naturleg og dela dette opp slik det var opprinnelig, både med tanke på og leggja til rette for neste generasjon, vidareføring av alt det arbeidet som er gjort gjennom generasjonar og ikkje minst busetting og levande bygder.

Då eg kjøpte bruk 93/1 som tilleggsjord, var det pga. at det var mjølkekvote på bruket og det styrka økonomien i drifta mi svært mykje. Kvota var på 36000 liter, noko som i dag ikkje er og rekna som hobby ein gong. Eg dreiv som heiltidsbonde i 7 år før eg innsåg at det var uråd og leva som heiltidsbonde basert på dei resursane og det jordsmonnet eg har på mitt bruk. Stadig våtare klima og ein større kamp for og berga vinterfør som skulle vera grunnlaget for drifta, gjorde det til at kvoten vart seld og eg satsa på sauedrift som einaste produksjon på bruket for og kunna henta inntekt utanfrå.

Me må vel innsjå at me må arbeida på lage med naturen og dei ressursane me har. Og tru at det skal vera mange heiltidsbønder i Alver kommune i framtida, er for meg utopi.

Me må verta gode til og drifta dei gardane me har tilgjengelege på best mogleg måte. Slik kan me oppretthalda eit flott kulturlandskap og levande bygder og slik at me ikkje armar oss ut, med nedlegging som resultat.

Å driva 54/1 er nok for meg i tillegg til en jobb utanom, og **formålet med deling av driftseininga** er å få delt drifta mellom meg og min son som også ønsker å drive med sau i tillegg til jobben han har. Drifta er i dag basert på ca. 250 vinter fora sau, noko som er langt over snittet i området som ligg på ca. 50 vfs. Ved ei deling vil grunnlaget enda på ca. 120 vfs på kvart bruk, som i lokal målestokk er stort og som vil gje grunnlag til sunn drift og utvikling og moglegheit til og henta inntekt utanfrå bruket. Ved å legge til rette for at størrelsen på drifta, kan tilpassast den kapasitet som de som ønsker å drive med gardsdrift har, så **oppnår man** at fleire vil drive landbruk ved sia av en jobb.

Det er følgjande rettighetar knyta til eigedomen:

- Hjortejakt

Vi ber hermed om løyve til å dele dagens driftseining i to, mellom gbnr 54/1 på Konglevoll og 93/1 på Hetlehovde.

Venleg helsing

Anders Konglevoll  
Konglevoll 19  
5956 Hundvin  
Tlf. 924 98 929  
E-post [Anders.Konglevoll@felleskjopet.no](mailto:Anders.Konglevoll@felleskjopet.no)

Vedlegg                    Kopi av vedtak i Utval for areal, plan og miljø – Sak nr. 071/21, 26.04.2021  
                              Kopi av uttale frå Landbruksavdelinga 16.02.2021  
                              Kart over markslag, foreløpig forslag til plassering av nytt våningshus

Kopi                        Jarle Konglevoll, Konglevoll 25, 5956 Hundvin